



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
23/160470-2

Dykkar referanse:
20/1137 – 23/67486

Vår dato:
16.10.2023

Uttale til offentlig ettersyn & høyring – Detaljreguleringsplan for Mangersnes. PlanID 12602011000400

Vi viser til brev frå Alver kommune, datert 31.08.2023. Brevet gjeld offentlig ettersyn og høyring av framlegg til detaljreguleringsplan for Mangersnes. PlanID 12602011000400. Høyringsfrist er 16.10.2023.

Uttale

Oppstart for denne reguleringsplanen var meldt i 2013, noko som gjer at det har gått heile 10 år mellom melding om oppstart og offentlig ettersyn. Overordna føringar for planlegging etter plan- og bygningslova har endra seg i dette tidsrommet. På bakgrunn av dette meiner Statens vegvesen i utgangspunktet at reguleringsarbeidet burde vore varsla på nytt.

Planområdet er i arealdelen av kommuneplanen for 2011–2023 vist som bustad og LNF formål. Sør-austlege delen av bnr. 2 er ikkje del av bustadområde i gjeldande kommuneplan. Delar av framlegget til reguleringsplan (bustadformål) er såleis ikkje er i samsvar med overordna kommuneplan (LNF-formål). Plankonsulent viser til at ettersom forskrift om konsekvensutgreiingar ikkje trådte i kraft før i 2017 og planen vart kunngjort i 2013 vil planen ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing. Slik vi forstår det er Alver kommune samd i denne konklusjonen jfr. referat frå undervegs møte i 2020.

Planområdet ligg i enden av Mangersnesvegen, ca. 2,5 km frå Manger sentrum og om lag ein times køyring frå Bergen sentrum. Når ein planlegg i strid med overordna plan må planframlegget uansett vurderast i tråd med *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig areal – og transportplanlegging*. Målet med retningslinjene er:

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
0000

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

«Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange.

Planleggingen skal legge til rette for tilstrekkelig boligbygging i områder med press på boligmarkedet, med vekt på gode regionale løsninger på tvers av kommunegrensene.»

Statens vegvesen kan ikkje sjå at dette er gjort vurderingar i høve til BATP og tilhøvet til ny KPA for Alver. Det er planlagt 24 nye bustader og mange vaksne vil antakeleg ha sin arbeidsplass andre stader enn i Manger sentrum, sjølv om tilflytting til kommunen kan skape arbeidsplassar på sikt (jfr. planskildringa pkt.9.10.) Vi er kritiske til at temaet kollektiv ikkje omtalt utover setninga «Det går buss frå Manger sentrum til Bergen sentrum». Statens vegvesen saknar meir grundige vurderingar med omsyn til om det planlagde bustadområdet vert å sjå på som bilbasert eller ikkje.

Med ein avstand på 2,5 kilometer frå planområdet frå Manger sentrum må ein legge til grunn at born i ei viss utstrekning vil bli køyrt til skulen. Det er opplyst at Manger skule ligg i nærleiken av det nye bustadområdet og at ein kan nå Radøy ungdomsskule med 10 minutt på sykkel. Planskildringa viser til 30 km/t fartsgrense på delar av Mangersnesvegen men inneheld utover dette ikkje vurderingar i høve til temaet trygg skuleveg utanfor planområdet og korleis dei trafikale tilhøva er for mjuke trafikantar som eventuelt skal gå eller sykle til og frå barne- og ungdomsskule. Etter det vi kan sjå er planframlegget i strid med Kommunedelplan for Radøy 2019 punkt 2.4 der temaet trygg skuleveg er omtalt. Pr i dag er det ikkje etablert samanhengande fortau langs fylkesvegen frå planområde til Manger barneskule. Reguleringsplanen inneheld heller ikkje rekkefølgekrav for etablering av dette.

Planframlegget viser nytt kryss ved fv.5486 Mangersnesvegen. Vi legg til grunn at Vestland fylkeskommune gjer ei vurdering av krysset si tekniske utforming jfr. handbok N100.

Jfr. KDP for Radøy 2019 pkt. 2.4 skal tilkomstveg og avkøyrsløp til planområdet vere ferdigstilt i samsvar med arealplan før det vert gjeve løyve til igangsetting av tiltak. Rekkefølgekrav til opparbeiding av kryss o_SKV1 /o_SKV2 med tilhøyrande fortau er knytt til utbygging av område BFS 5–24, men ikkje til område BFS1–4 og BFF2. Ut frå det vi kan sjå er kravet for igangsetting av tiltak i dei sistnemnde felta berre etablering av møteplassar (M1 – M8). Dette tiltaket aleine oppfyller etter vår vurdering ikkje vilkåret for igangsetting som går fram av KDP for Radøy 2019 pkt. 2.4.

Vi har forståing for at det kan vere behov for å fordele krav til tiltak mellom dei ulike felta innanfor ein reguleringsplan. Planen bør likevel ikkje utformast på ein slik måte at den opnar

for anleggstrafikk før både ny veg/møteplassar og eit tilbod til mjuke trafikantar er på plass. Dagens veg ser ut i frå bildegrunnlaget vi har tilgjengeleg ut til å vere smal med bustadar langs store delar av strekket. Etter Statens vegvesen si vurdering må planføresegnene endrast slik at anleggsarbeid ikkje kan setjast i gang før kryss o_SKV1 /o_SKV2 med tilhøyrande fortau er ferdig etablert.

Oppsummering

Planframlegget er godt gjennomarbeidd på tema knytt til landskap, arkitektur m.m. Når det gjeld tilhøvet til skuleveg og tilkomstveg/mjuke trafikantar meiner vi reguleringsplanen ikkje er i tråd med KDP for Radøy 2019 pkt. 2.4. Statens vegvesen stiller seg vidare kritisk til at det vert lagt opp til bustadformål i strid med overordna plan utan at dette plangrepet er meir inngåande drøfta opp mot arbeidet med ny KPA for Alver og *Statlige planretningslinjer for samordnet bustad- areal - og transportplanlegging*.

Transportforvaltning

Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER